Fyresdal kommune

Møteinnkalling

Utval:	**Formannskap**
Møtestad:	Hamaren Næringshagen
Dato:	02.10.2019
Tid:	08:30

Forfall meldast til sentralbordet på tlf. 35 06 71 00.
Varamedlemmer møter bare etter nærare varsel.

Saksliste

Utvals-saksnr	Innhald
PS 37/19	Referatsaker
PS 38/19	Økonomirapportering pr. 01.09. - finans
PS 39/19	Økonomirapportering pr. 01.09. - rådmannen sitt ansvar
PS 40/19	Økonomirapportering pr 01.09.19 - avdeling fellestenester
PS 41/19	Søknad om å få benytte Gardar
PS 42/19	Medlemskap i landssamanslutninga av nynorsk kommunar
PS 43/19	Samanslåing av forliksråda i Vest-Telemark

Budsjettdrøftingar

Fyresdal 26.09.2019

Erik Skjervagen
ordførar

Fellestenesta
utvalssekretær

PS 37/19 Referatsaker

RS 19/19 Orientering frå administrasjonen

RS 20/19 Arendal kommunale legevakt

RS 21/19 Økonomigjennomgang

Fyresdal kommune

Arkiv: 210
Saksmappe: 2019/733-2
Saksbeh.: Kjersti Bergland
Dato: 20.09.2019

Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 01.09. - finans

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	38/19	02.10.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:
Utskrift frå økonomisystemet

Bakgrunn for saka:
I økonomireglementet står det fylgjande:
Avdelingsleiarane skal minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022: ...vi brukar det økonomiske handlingsromet.

Næringsfond:
Konsesjonskraftinntektene vil bli omlag 2,7 millionar høgare enn budsjettera i år grunna høgare pris på sal av kraft enn lagt til grunn i fjor haust. Dette er midlar som bør gå inn i næringsfond eller investeringar. Formannskapet gjorde i sak 30/19 slikt vedtak: *Fyresdal kommune garanterar for at Telemark Kildevann AS får kr 1 000 000 i støtte. Næringsfondstyret arbeider saman med omstillingsstyret for å sjå på fordeling av utgiftene.*
Omstillingsstyret har ikkje mykje midlar igjen til disponering i år og ein må difor finansiere det meste av denne millionen over næringsfondsbudsjettet. Dette gjer at ein må auke budsjettet til næringsfondet tilsvarande. Dei resterande 1,7 millionane bør avsettast på disposisjonsfond for å bygge egenkapital.

Skatt:
Prognosene for skatteinngang ligg også i år noko over det som er forventa i statsbudsjettet. Så langt i år har vi fått inn omlag to hundre tusen meir enn på tilsvarande tidspunkt i fjor, noko som ligg i tråd med auken i budsjettet vårt.

Eigedomsskatt ligg omlag ein halv million under budsjett og her er det ingen ting som tyder på at det vil bli store endringar. Det er dei store kraftverka som har hatt mest nedgang i skattegrunnlaget frå i fjor til i år.

Med dei prognosene som ligg i forventa skatteinngang resten av året bør mykje av nedgangen i eigedomsskatt kunne kompenserast med dette.

Rammetilskot:
Ny prognose er i tråd med budsjett.

Renter og avdrag:
Renter og avdrag ligg omlag på budsjett.
Utbytte frå VTK/TB vart i år ein million meir enn budsjettera.
Dette er også eingongsinntekter som bør avsettast til fond.

Konklusjon:
Konsesjonskraftinntekter og utbytte har i år vore høgare enn budsjettera med tilsaman 3,7 millionar. Dette er eingongsinntekter som ein ikkje bør bruke inn i drift men avsettast for å bygge opp eigenkapital. Midlar til bruk i næringssatsing bør aukast med ein million frå desse midlane. Ellers ligg finansområdet i tråd med budsjett.

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda for finansområdet pr. 01.09. vert teken til vitande med fylgjande justering:
Konsesjonskraftinntekter – konto 1410.621 aukast med 2.700.000.
Utbytte – konto 1441.905 aukast med 1.065.000.
Tilskudd frå næringsfond – konto 1410.470 aukast med 1.000.000.
Avsetting til disp.fond – konto 1463.540 aukast med 2.765.000.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Kjersti Bergland
	økonomi- og plansjef

Fyresdal kommune

Arkiv: 210
Saksmappe: 2019/731-2
Saksbeh.: Kjersti Bergland
Dato: 20.09.2019

Saksframlegg

Økonomirapportering pr. 01.09. - rådmannen sitt ansvar

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	39/19	02.10.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:
Utskrift frå økonomisystemet.

Bakgrunn for saka:
I økonomireglementet står det:
Avdelingsleiarane skal minst pr. 1. mai og 1. september legge fram politisk sak til hovudutvalet om den økonomiske situasjonen.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022: ....vi brukar det økonomiske handlingsromet.

Prosjekt:
Omstillingskommuneprogrammet og bygg i tre er to prosjekt som ligg i tråd med budsjett.
Nytt prosjekt er Hamaren til nye høgder. Dette er eit prosjekt som vil gå over fleire år og som er heilt i startgropa.

Administrativt næringsarbeid
I tråd med budsjett

Sysselsetting
I 1. september har vi fire lærlingar fordela på barne- og ungdomsfag, helsefag og kokk og er i tråd med budsjett.

Rekrutering
Her har vi hatt store utgifter i år og ligg godt over budsjett.

Sosiale tenester
Eit stort overforbruk på bruk av kvalifiseringsløn og noko overforbruk på økonomisk stønad.

Barnevern
Her har vi blitt varsla om ekstrakostnader og nye kostbare tiltak som er igangsett. Prognosa så langt kan tyde på opp mot ein million utover budsjett.

Integrering
I tråd med budsjett.

Folkehelse
Mindreforbruk så langt i år.

Pedagogisk konsulent og logoped:
Logopeden slutta hos oss 1. juni og det har ikkje lukkast å få tilsett nokon ny etter det. Det er nå laga ei avtale med ein sjølvstendig logoped som vil utføre tjenesten for oss. Budsjettet må justerast i tråd med dette.

Konklusjon:
Stort sett i tråd med budsjett bortsett frå store ekstrakostnader på barnevern og kvalifisering.

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr. 01.09. vert teken til vitande, og budsjettet justerast innanfor ramma så langt det let seg gjere.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Kjersti Bergland
	økonomi- og plansjef

Fyresdal kommune

Arkiv: 210
Saksmappe: 2019/671-3
Saksbeh.: Grethe Lassemo
Dato: 16.09.2019

Saksframlegg

Økonomirapportering pr 01.09.19 - avdeling fellestenester

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	40/19	02.10.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: Formannskapet

Dokument i saka:
Utskrift frå Agresso økonomi pr 31.08.19

Bakgrunn for saka:
Formannskapet skal ha økonomirapport 01.september.

Vurdering:
Saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022.. vi brukar det økonomiske handlingsromet.

Avdeling	Rekneskap	Revidert budsjett	Underforbruk	Overforbruk
	01.09.2019	**01.09.2019**		
Kommunestyret	972 351	961 615		10 735
Formannskapet	235 367	406 585	171 218	
OKO-utvalet	111 647	128 987	17 340	
PM-utvalet	76 723	41 983		34 740
Kontrollutvalet/Revisjon	421 027	435 579	14 552	
Andre utval og nemnder	75 600	104 625	29 025	
Val	43 154	28 655		14 499
Fellestenester	5 212 165	5 479 373	267 208	
IT-drift	1 624 905	1 412 611		212 294
Andre fellestenester	3 425 264	3 353 437		71 827
SUM	**12 198 202**	**12 353 451**	**499 343**	**344 095**

Alle utval:
Lønsutgifter: Ca kr 26 000,- i overforbruk. Dette er underbudsjettert.
Driftsutgifter: Kommunestyret og PM utvalet har betalt ut tapt arbeidsforteneste frå heile kommunestyreperioden på eit medlem og har difor eit overforbruk på den posten.

Elles er det underforbruk på ca 198 000,-

Avdeling fellestenester:
Lønsutgifter: Mindreforbruk ca kr 250 000,- grunna ledige heimlar. Avventar budsjettendring her til det nærmar seg årsslutt og vurdering blir teke kor det er behov å dekke opp.
Det er nytta konsulenttenester til leiargruppa som skal dekkast av innspart rådmannløn.
Driftsutgifter: Mindreforbruk på frankering og gebyr, må dekke opp overforbruk på andre postar.

IT-drift:
Her er det overforbruk og det vil truleg bli større ved årsslutt.
Avtaler er fornya, blir meir kostbare og budsjettet er ikkje auka.

Andre fellestenester:
Forsikringar, auk i avgifter og kjøp frå IKS er årsaken til overforbruk.

Konklusjon:
Det er pr 01.09 eit underforbruk i avdelinga på ca kr 155 000,-.
Budsjettendringar er utført etter vedtak.
Det kjem meir utgifter innan IT. Faste avgifter og lisensfornying.
Det er usikkert på korleis stoda vil bli ved årsslutt. Mest truleg blir det overforbruk.

Innstilling frå rådmannen:

Den økonomiske stoda pr 1.september 2019 i avdeling fellestenester blir teke til vitande.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	Grethe Lassemo
	avdelingsleiar

Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2019/1189-2
Saksbeh.: Une Marit Aarbakk Tangen
Dato: 24.09.2019

Saksframlegg

Søknad om å få benytte Gardar

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	41/19	02.10.2019

Endeleg vedtaksrett i saka har: formannskapet

Dokument i saka:
Søknad frå Telemark Lys AS

Bakgrunn for saka:

Telemark Lys AS ynskjer å benytte seg av Gardar.
Dei vil starte eit «utvida folkeverkstad» i Fyresdal. Pr. i dag finnes det ikkje nokon folkeverkstad/makerspace/skaparverksted i Vest-Telemark. Eit folkeverkstad er hovudsakleg ein stad for læring, utlån av utstyr (som ikkje er vanleg i ein hushaldning).

Telemark Lys AS ynskjer å samle folkeverkstad, utlånssentral og tilrettelagte kurslokaler til ein ny sosial arena i sentrum av Fyresdal. I tillegg vil det væra ein fin plass å ha arbeidstrening.

Det vil væra ein plass hvor du kan;
- Låne/leige utstyr (i dag har dei 5 elektriske taxisyklar, mange nye syklar, skiutstyr og skøyter i alle størrelsar
- Bruke/låne utstyr som det ikkje er vanleg å ha heime (eks; dreiebenk, 3D printer)
- Gå på kurs (eks; sy-kurs, bildebehandlingsprogram, koding)
- Ta med barnebarna for å gjere noko saman- ein stad der ikkje alder er viktig
- Lære av andre
- Være sosial
- Møte frivilligsentralen
- Prøve og feile, utforske nye ting

Det vil bli ein ny samlingsstad for dei som allereie er aktive, men også for dei som ikkje har noko aktivitetar frå før.
Ein stad der nye og gamle innbyggjarar kan knytte nye kontaktar og personar med like interesser kan treffast.

Telemark Lys har vore i kontakt med fleire lokale firma, som er villige til at dei kan arve utstyr etc.

Vurdering:
Spørsmålet/saka er vurdert ut frå følgjande mål i økonomiplanen for 2019 – 2022

Konklusjon:

Telemark Lys AS ynskjer å benytte seg av Gardar til desse formåla.
Dei ser behov for eit utvida folkeverkstad, samt slå saman med utlånssentralen og tilrettelagte kurslokaler til ein ny sosial arena i Fyresdal sentrum.
I tillegg ser dei på denne staden som ein fin plass å utføre arbeidstrening på.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune ser positivt på engasjementet som Telemark Lys AS søkjer om. Rådmannen får fullmakt til å avklare avtaler og om det skal væra leigeavtale, kven tar kostnader ift oppussing/slitasjer etc.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	

Fyresdal kommune

Arkiv: 003
Saksmappe: 2019/1055-2
Saksbeh.: Une Marit Aarbakk Tangen
Dato: 20.09.2019

Saksframlegg

Medlemskap i Landssamanslutninga av nynorskkommunar

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	42/19	02.10.2019
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: kommunestyret

Dokument i saka:
Tilbod om medlemskap

Bakgrunn for saka:

LNK er ei samanslutning av kommunar, fylkeskommunar og interkommunale tiltak som har til føremål å fremja nynorsk språk og kultur i det offentlege.
Landssamanslutninga vart skipa i 1993 og har no 125 medlemer: 106 kommunar/fylkeskommunar og 19 interkommunale tiltak/regionråd.

Gjennom informasjon, direkte kontakt og jamlege møte med styresmakter og organisasjonar, samordnar LNK nynorskbrukarane sine interesser og rettar når det gjeld nynorsk materiell til bruk i kommunen, i skulen og i informasjon retta til publikum.
Samanslutninga er kjend og respektert både i kommunale organisasjonar, statleg forvaltning og politiske miljø.
«Språk og saksbehandling på papir og nett» er eit tilbod til medlemene som er svært godt motteke. Alle medlemskommunar får «På saklista»-kurset gratis (maks. eitt kurs i året). «På saklista» tek utgangspunkt i den kommunale kvardagen og fungerer såleis også som eit oppfriskingskurs i kommunal saksbehandling og som eit kurs i klart språk. Kurshaldar kjem til kommunen, og kurset går over to dagar.
Alle språkkursa og kurshaldarane vert kvalitetssikra gjennom Høgskulen på Vestlandet. Høgskulen er og teknisk arrangør av kursa. Dosent og tidlegare leiar i Språkrådet, Jan Olav Fretland, har utarbeidd kursa og kursmateriellet.

LNK arrangerer kvart år konferansar av ulike slag. Dei legg vekt på at desse samlingane skal vera fagleg nyttige for medlemene, og tek opp aktuelle tema. Dessutan skal konferansane fungera som møteplassar for medlemskommunane og dei andre medlemene.

Dei siste konferansane har hatt tema som kommunal omdømmebygging, språk i barnehagar, bibliotek som kulturformidlar, kulturbasert næringsutvikling, kommunale informasjonstenester, språk og rekruttering av arbeidskraft, nynorsk og digitale læremiddel m.m.

LNK driv nettstaden LNK.no som er eit viktig kontaktledd mot kommunane. Nettstaden blir fortløpande oppdatert med relevant nytt.

LNK publiserer eit elektronisk nyheitsbrev som vert sendt ut kvar fredag. Brevet går til alle som ønskjer å abonnera, til alle bibliotek, skular og barnehagar i medlemskommunane og til dei ytre statlege etatane.
LNK driv dessutan nettportalen Startsida.no i samarbeid med ABC Startsiden.

Språkplanar
LNK har utarbeidd malar for språkplanar i kommunane. Om lag ein tredel av medlemene har så langt teke i bruk desse malane, eller tillempa versjonar av dei. Mange har også arbeidd språkplanen inn i dei overordna kommunale planverka (t.d. kommuneplanen). I 2018 laga LNK ein mal for nøytrale kommunar som ønskjer å vera reelt tospråklege.

Fordelskort
LNK har laga eit fordelskort som sikrar politikarar og tilsette i medlemskommunane rimelege hotellrom. Hotell Bondeheimen i Oslo og Hordaheimen Hotell i Bergen gir særleg gunstige tilbod til LNK-medlemer. Tilboda omfattar alle tilsette og politikarar og gjeld både i yrkessamanheng og på fritida.

Økonomi
LNK får driftsstøtte over statsbudsjettet, 1,5 million i år, noko som er med på å halda medlemskontingenten nede. Medlemskontingenten utgjer om lag 15 % av inntektene. Inntektene elles kjem frå sal av kursmateriell, prosjektmidlar og annonser.
Det vert ikkje betalt kontingent for første medlemsår; det vil seia at første kontingentkrav kjem i januar 2020.

Konklusjon:

Ei innmelding i LNK bind ikkje kommunen til anna enn å betala medlemskontingenten. Kontingenten er for tida kr 8 500 pluss kr 1,25 per innbyggjar i kommunen. Satsane vert fastsette av styret i november kvart år, men det er ikkje tradisjon for å justera desse ut over vanleg prisauke. Ved ei innmelding vil Fyresdal vera offisielt medlem frå innmeldingsdato, og kan nytta tilboda våre alt i år. Det vert ikkje betalt kontingent for første medlemsår; det vil seia at første kontingentkrav kjem i januar 2020.
Det er viktig å visa at kommunar som brukar nynorsk i ein eller annan samanheng står saman. Dette er viktig både språkpolitisk og når det gjeld å syna fram kommunal marknadsmakt.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune stiller seg positiv til eit medlemskap i Landssamanslutninga av nynorskkommunar, og blir medlem frå i år.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	

Fyresdal kommune

Arkiv:
Saksmappe: 2019/1145-3
Saksbeh.: Une Marit Aarbakk Tangen
Dato: 20.09.2019

Saksframlegg

Samanslåing av forliksråda i Vest-Telemark

Utval	Utvalssak	Møtedato
Formannskap	43/19	02.10.2019
Kommunestyret		

Endeleg vedtaksrett i saka har: kommunestyret

Dokument i saka:
Brev frå lensmann Sigrid Dahl

Bakgrunn for saka:

Fyresdal kommune har mottatt eit brev frå Sigrid Dahl, lensmann i Midt- og Vest-Telemark, og Aase Haukås Gjerde, leiar felles eining for sivil rettspleie i Sør-Øst.

I dette brevet kjem det fram fylgjande informasjon:

Midt- og Vest-Telemark lennsmannsdrift har ansvar for sekretariatsfunksjonen for forliksråda i Vinje, Tokke, Fyresdal, Seljord, Kviteseid, Bø, Sauherad og Nome.
Jamført domstollova skal det «i kvar kommune…. vere eit forliksråd».
Kommunar som har same sekretariat for forliksråda og ligg i same domssokn kan på visse vilkår ha felles forliksråd, jf. lovens § 27 siste ledd.
I dag har Seljord og Kviteseid felles forliksråd, det same har Bø og Sauherad.
Grunna geografiske avstandar i lensmannsdistrikta er sekretariatsfunksjonen fordela på tre namsfullmektigar i Midt- og Vest-Telemark.

I Prop. 133 L (2018-2019) Endringar i tvisteloven (verdigrensene) foreslår regjeringa å endre verdigrensa for obligatorisk forliksrådsbehandling, behandling etter reglane om småkravprosess og anke over dom i saker om formueverdiar. Verdigrensa er i dag på 125 000,- og har stått uendra sidan tvistelovens vedtaking. Verdigrensa for obligatorisk forliksrådsbehandling blir foreslått heva til 200 000,-. Det blir foreslått at verdigrensa for krav om behandling etter reglane om småkravprosess blir heva til 250 000,-. Ved anke over dom i saker om formueverdiar blir det foreslått at krav om lagmannsrettens samtykke skal gjelde der ankergjenstandens verdi er mindre enn 250 000,-.
I høringsnotatet går det fram at forslaget om å heve beløpsgrensa «vil bidra til at tingretten i større grad avlastast frå saker som involverer små eller mindre økonomiske verdiar. Det vil vere billigare både for partane og for samfunnet dersom fleire saker kan bli løyst i forliksrådet».
Vidare viser samfunnsutviklinga at gjeldsbyrden aukar blant norske borgarar. Dette vil auke talet på saker til forliksråda. Dette inneber at fleire og større saker vil gå for forliksrådet framover, og behovet for rettslig kompetanse blant forliksrådsmedlemmane vil auke sidan kompleksiteten i sakene vil auke tilsvarande.

Konklusjon:

Fyresdal kommune har mottatt eit brev frå Sigrid Dahl, lensmann i Midt- og Vest-Telemark, og Aase Haukås Gjerde, leiar felles eining for sivil rettspleie i Sør-Øst.
Det er eit ynskje om at Vest-Telemark kommunane slår seg saman for eit felles forliksråd i Vest-Telemark. I brevet står det også at det er eit alternativt forslag at forliksråda i Vinje, Tokke og Fyresdal slår seg saman.

Innstilling frå rådmannen:

Fyresdal kommune er negativ til ein samanslåing av forliksråda i Vest-Telemark.
Både ei felles samanslåing av alle Vest-Telemark kommunane og ei samanslåing av forliksråda i Vinje, Tokke og Fyresdal.

Une Marit Aarbakk Tangen	
Konstituert rådmann	